



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
6630 TINGVOLL

Dykkar ref

Vår ref
14/1517-

Dato

3 SEPT 2015

Herredsdalselva kraftverk i Tingvoll kommune i Møre og Romsdal - klage på løyve

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal klagar i brev av 26.5.2014 på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt løyve av 5.5.2014 til bygging av Herredsdalselva kraftverk.

Fylkeskommunen har i vedtak av 2.9.2014 oppretthaldt sitt løyve, og har i brev av 8.9.2014 sendt klagen til departementet for endeleg avgjerd.

1. Bakgrunn

Herredsdalselva Kraft søkte 22.8.2011 om løyve til å bygge Herredsdalselva kraftverk. Frå 1.1.2010 fikk fylkeskommunane delegert myndighet frå Olje- og energidepartementet til å fatte vedtak i saker der det blir søkt om løyve til bygging av kraftverk under 1 MW. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjorde det førebauende arbeidet for Herredsdalselva kraftverk og sendte si innstilling til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Herredsdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 179 m, mellom inntak på kote 244 og kraftstasjon på kote 65. Kraftverket vil ha ei slukeevne på 620 l/s, som svarar til om lag 182 % av middelvassføringa, og installert effekt på 0,95 MW. Herredsdalsvatn vil regulerast med 1 m mellom LRV på kote 243,5 og HRV på kote 244,5. Fylkeskommunen har fastsatt at det skal sleppast 30 l/s i minstevassføring heile året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på rundt 3,7 GWh.

Ingen av høyringspartane går i mot ei utbygging, men det er enkelte merknadar når det gjeld tilhøvet til mellom anna drikkevasskvalitet, naturmangfald og friluftinteresser.

NVE vurderte i innstilling av 28.2.2014 at den største konsekvensen for allmenne interesser er

ulemper for ei bekkekløft av regional verdi og fleire lokalt viktige naturtypar. Etter NVE sin vurdering er det viktigaste avbøtande tiltaket for naturtypane å utelate reguleringa av Herredsdalsvatnet, slik at det blir fleire dagar med overløp, i tillegg til å i størst mogleg grad unngå direkte inngrep i naturtypelokalitetane. NVE tilrår at det blir gitt løyve til ei utbygging av Herredsdalselva kraftverk utan regulering av Herredsdalsvatnet.

Møre og Romsdal fylkeskommune fatta 5.5.2014 vedtak om å gi løyve til Herredsdalselva kraftverk med løyve til å regulere Herredsdalsvatnet som omsøkt.

2. Klagen

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har i brev av 26.5.2014 klaga på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt løyve av 5.5.2014. Etter klager sin vurdering er ulempene ved ei utbygging med regulering av Herredsdalsvatnet større enn fordelane. Klager meiner at det manglar vurderingar etter naturmangfaldloven for reguleringa av Herredsdalsvatnet og at det er gjort feil i vurderingane av samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10.

3. Departementet sine merknader

Det kan gjevast løyve til Herredsdalselva kraftverk dersom "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. I klagehandsaminga skal departementet legge vekt på det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønnet, jf. forvaltningslova § 34, andre ledd. Departementet vil drøfte dei merknadene frå klager som er naudsynt for å grunngi avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klager.

Reguleringa av Herredsdalsvatnet vil redusere flomtapet og auke årleg kraftproduksjon for Herredsdalselva kraftverk med om lag 0,5 GWh.

I følgje søknaden vil det i eit middels vått år vere 58 dagar med flomoverløp i vassdraget. NVE meiner at dette ikkje inkluderer reguleringa, og at det blir mindre enn 30 dagar med overløp om ein inkluderer reguleringa.

To bekkekløfter, av høvesvis regional (B) og lokal (C) verdi, kan bli negativt påverka som følgje av redusert vassføring. Det er ikkje registrert nokon artar med status som trua eller nær trua som er forventa å bli vesentleg påverka av kraftverket.

Argumenta mot reguleringa av Herredsdalsvatnet er etter departementet sin oppfatning i hovudsak ulemper for naturverdiar knytt til vassdraget som følgje av redusert flomoverløp. Etter departementet sin vurdering er ikkje ulempene for biologisk mangfald eller andre verdiar av ein slik grad at det tilseier at departementet skal gå imot fylkeskommunen sitt vedtak.

Møre og Romsdal fylkeskommune syner i si saksutgreiing til NVE sine vurderingar av tilhøvet til naturmangfaldlova. Etter departementet sitt syn har Møre og Romsdal

fylkeskommune i tilfredsstillande grad vurdert og vektlagt naturmangfaldlova sine prinsipp for offentlig handsaming for Herredsdalselva kraftverk. Det gjeld sjølv om fylkeskommunen kjem til ein annan konklusjon enn NVE i spørsmålet om reguleringa av Herredsdalsvatnet. Departementet vurderer krava i naturmangfaldlova § 7 for å vere oppfylt.

Departementet legg til grunn at NVE sine anbefalte føresetnader av omsyn til Storvatnet som drikkevasskjelde følgjast.

4. Departementet sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

Klaga frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal blir ikkje tatt til følgje. Møre og Romsdal fylkeskommune sitt vedtak av 5.5.2014 om å gi løyve til Herredsdalselva kraftverk med regulering av Herredsdalsvatnet blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan det ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing



Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Strømsvåg
Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Norges vassdrags- og energidirektorat
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Herredsdalselva kraft c/o Gudmund Ole Vatn